

## Eigenvurdering

Det har vore ein svært innhaldsrik prosess å skrive bacheloroppgåve, der ein har fått moglegheita til å skrive og lære om ting ein ikkje kunne frå før, samstundes som ein fekk dukke djupare inn i tidlegare kjend kunnskap. Prosessen innebar ei grundig teoretisk gjennomgang av trådløs kommunikasjon, særleg under vatn, noko som var ukjend farvatn for samtlege i gruppa. Den innehaldt og ein krevjande 3D-modelleringsprosess, noko som to av tre på gruppa hadde erfaring i frå før. I tillegg til dette, vart det gjennomført Arduino-koding i småskala i forbindelse med testing av mekanisme på prototype.

Etter å ha kartlagt kommunikasjonsmetodane, vart fokuset skifta over til den mekaniske delen av det som vart håpa skulle bli løysinga med ein grundig idémyldringsfase. Etter at 30 idéar blei til fem, var neste steg å utarbeide ein detaljert modell som kunne føre til ein prototype. Det endelege resultatet enda opp med å vere ein kombinasjon av eigenskapar av dei tre beste idéane. Denne idéen vart satt som mål å få så detaljert som mogleg, slik at ein kunne få ut ein 3D-printa for at ein kunne forhalda seg til eit faktisk produkt med fungerande mekanisme.

Etter grundig modellering, fekk ein omsider ut ein fyrste utkast av ein prototype som var med å gav mykje kunnskap om kva som funka, og kva som ikkje funka så godt. Etter at gruppa fekk sett både produkt og mekanisme i praksis, og ikkje berre via ein dataskjerm, opna det seg fleire idéar om korleis dette kunne bli enda betre.

Gruppesamarbeidet har blitt gjort gjennom digitale plattformer som Microsoft Teams, Zoom etc. noko som gruppa har sett på som ein god måte å gjennomføre bacheloroppgåva på, sjølv om ein ikkje får det sosiale aspektet når ein sit i sama rom. Arbeidsfordelinga har fungert svært bra, med gjensidig forståing av kva oppgåver som må gjerast til kva tid, og at alle på gruppa hadde eit likestilt ansvar på at oppgåver blei gjort og at fristar vart haldt.

Arbeidsforma har i grove trekk gått ut på å trekke ut tidlegare ukjend kunnskap frå forskjellige kjelder som blant anna relevante personar frå næringslivet, tidlegare lærarar og oppdragsgivande bedrift. Gjennom denne kunnskapen har det sakte, men sikkert blitt skapt eit oversikteleg bilete av relevant opparbeida kompetanse som var avgjerande for å ende opp med det produktet som me gjorde.

Når det gjeld framdriftsplanen har ein fortløpande oppdatert den dersom ein ser at ein ikkje har moglegheit å nå målet i tide, eventuelt framskande dersom ein ser at det ikkje var nødvendig med så lang tid på ei oppgåve. På denne måten var ein alltid eit steg føre i planlegginga og den oppgåva forkant av den fristen som var satt.

Totalt sett har det vore eit produktivt semester som har bydt på både vanskelege utfordringar, men i gjengjeld, meistringskjensler og nådde milepælar. Gruppa har jobba samla for å nå måla som har vart satt, spelt kvarandre gode og har som sluttprodukt denne bacheloroppgåva å vise til.



Andreas Havn



Martin Røksund



Bjørn Magne Innvær